



Sak nr 4/2012

Møtedato: 6.2.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Samarbeidsprosjekt - val av representant

Fjellstyret kalla i 2011 allmeningsstyret og prosjekt "Heime og på støle" til møte for å drøfte ev. vidareføring av tiltak som vart starta av tidlegare prosjekt "Heime og på støle".

Møtedeltakarane diskuterte erfaringar frå prosjektet og meinte at det var viktig å halde fram dette arbeidet. Dette bør gjerast ved ei forvaltningsplan der ein prioriterer tiltak og områder. Framdrift av ei slik plan bør skje i eit eige styre der ulike interessegrupper er representert. Aktuelle deltakarar i eit styre er allmeningsstyret, kommunen, beitelag, reiselivsnæringa og fjellstyret.

Fjellstyret fekk i oppgåve å kalle inn til fyrste møte. Det har ikkje kome tilbakemelding frå alle grupper om representantar til styret og det har derfor ikkje vorte kalla inn til møte. Uavhengig om ikkje alle grupper vel representantar, må ein likevel starte opp arbeidet.

Fjellstyret har tidlegare valt Kari Tyldum og fjelloppsyn I til å sitja i styret. Etter at det meste av fjellstyret er skifta ut, må fjellstyret gjera nytt val.

Vedtak:

Fjellstyret vel Torill Trøen og Ragnhild Sundheim som representantar i styret.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.2.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: